



# Informasjonsskriv til alle tilsette i Fjell, Sund og Øygarden kommunar

---

## **Innleiing**

Intensjonsavtalen som Fjell, Sund og Øygarden har godkjend, ligg til grunn for etablering av Nye Øygarden kommune. Dette vert ein stor kommune med om lag 39 tusen innbyggjarar frå 01.01.2020.

Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny og stor kommune vil ha betre tilhøve for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane kvar for seg.

Den nye kommunen skal mellom anna byggja vidare på felles kyst- og strilekultur med lokalt sjølvstyre, gode tenestetilbod til innbyggjarane og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen.

Det rettslege utgangspunktet ved kommunesamanslåinga er at dette er ei verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova kapittel 16. Ein sentral del av verksemdsoverdraginga handlar om å få dei tilsette overførte til ny arbeidsgjevar. Det vert gjennomført ein prosess for innplassering, og det er utarbeidd ein rettleiar for prosessen. Rettleiaren er behandla i overordna styringsgruppe og vert tilgjengeleg for alle tilsette. Leiar har eit særskilt ansvar for å gje informasjon til sine tilsette.

## **Rettskrav**

Om det er tilsette som fremjar rettskrav til stilling, vil arbeidsgjevar vurdere det konkrete tilfellet. Vurderinga vert kvalitetssikra med ekstern juridisk bistand.

## **Drøfting av direkte berørte og uberørte funksjonar**

Overordna styringsgruppe har drøfta kva funksjonar som i hovudsak vert direkte berørt og kven som vert uberørt. Dei som vert definerte som uberørte, vert innplasserte i den nye kommunen i same stilling som dei har i dag, til dømes lærar på ein skule eller tilsette i pasientretta arbeid på institusjon. Tilsette som kan verta direkte berørte av ny organisering skal kompetansekartleggjast og ha ein individuell samtale med næraste leiar i dagens kommunar, jf. liste nedanfor over direkte berørte funksjonar. Desse vert kalla inn til kartleggingssamtale av næraste leiar. Det er viktig å merka seg at kartleggingssamtale vert gjort for å få eit oversyn over oppgåver, oppgåvefordeling og den tilsette sine ønskje i den nye kommunen. Ein kartleggingssamtale er ikkje einstyddande med at det vert endring i arbeidsoppgåver eller arbeidsstad.

## **Direkte berørte funksjonar**

Dei tilsette som vert direkte berørte, og som soleis kan få endring i arbeidstilhøvet sitt som følgje av ny organisering, skal kompetansekartleggjast og ha ein individuell samtale med næraste leiar i dagens kommunar, jf. liste over direkte berørte funksjonar.

Dette gjeld alle tilsette innan:

- IKT
- Personal
- Økonomi
- Arkiv
- Servicetorg/service
- Barnevern
- PPT

- Helsestasjon
- Familiens hus
- Kommunepsykologar
- Løn
- Politisk sekretariat
- Areal
- Byggesak
- Teknisk plan og forvaltning
- Kultur
- Frivilligsentral
- Grøntavdeling
- Eigedom
- Drift
- Plan
- Vedlikehald
- NAV
- Flyktingtenesta
- Fysio- og ergoterapi
- Samferdsle og transport
- Innkjøp
- Prosjektkontor
- Investering
- Heimetenesta
- Bibliotek
- Rus og psykisk helse
- Menneske med nedsett funksjonsevne
- Alle merkantile, administrative og stabsstillingar hjå rådmenn, kommunalsjefar, einingsleiarar, fagleiarar og hjå andre leiarar
- Tilsette med koordinatorfunksjonar, rettleiarar i stab og andre førebyggjande stillingar
- Alle avdelingsleiarar, fagleiarar og andre leiarfunksjonar

Det vert teke atterhald om at lista over direkte berørte funksjonar kan endrast i samband med endeleg avgjerd om administrativ organisering og dimensjonering 31.05.2019.

### **Kompetansekartlegging og individuell samtale**

I forkant av den individuelle samtalen skal dei direkte berørte tilsette fylla ut eit kompetansekartleggingsskjema. Skjemaet vert slutført og underskrive av leiar og tilsett i kartleggingssamtalen.

Det er næraste leiarar i noverande kommune som har ansvar for å gjennomføra kartlegging og den individuelle samtalen innan 07.06.2019. Den tilsette kan ha med seg tillitsvald eller annan tillitsperson til samtalen. For å sikra ein god prosess med innplasseringa, er det viktig at kartlegginga vert gjennomført. Det er rådmennene i kvar kommune som er ansvarleg for at kartlegginga vert gjennomført.

Dei individuelle samtalane vert gjennomførte i perioden 24. mai – 7. juni 2019.

Det vert presisert at kartlegginga skal gjennomførast med omsyn til arbeidsoppgåver i ny kommune, slik at ein kan innplassera på grunnlag av behova til kommunen og den formelle og reelle kompetansen til den tilsette.

Har du spørsmål til kartlegging og den individuelle samtalen ta kontakt med næraste leiar i den kommunen du er tilsett i.